

SMITTEVERNPLAN GULT NIVÅ VIKESÅ SKULE

(revidert 30.09.20 basert på oppdatert rettleiar frå myndigheitene)

Tiltaka bygger på statlege retningslinjer for [1.-7](#) og [8.-10.](#) datert 28.09.20

Denne planen er godkjent av smittevernlege Knut Vassbø 23.04.20, revidering godkjent 16.10.20

Det gjeld 3 hovudreglar for smittevern ved opning av skulen

1. Sjuke personar skal ikkje vera på skulen
 2. God hygiene
 3. Redusert kontakt mellom personar
-

1. Sjuke personar skal ikkje vera på skulen

Ved sjukdom:

Ein kan koma på skulen om:

- ein er frisk og ingen i husstanden har påvist Covid-19.
- Dersom nokon i husstanden er sjuke (utan påvist Covid-19), men ein ikkje er sjuk sjølv.

Ein skal ikkje koma på skulen om

- ein er sjuk. Då må ein venta til ein berre har restsymptom eller er heilt frisk.
- ein sjølv har påvist Covid-19. Då er du i isolasjon.
- nokon i husstanden har påvist Covid-19. Då er du i karantene.

Når sjukdom oppstår på skulen:

1. Elev skal venta på tilvist rom (Møterom paviljong) saman med vaksen. Hald 2m avstand viss mogleg, bruk munnbind på elev eller vaksen. Gje beskjed til reinhald om rommet vert nytta. Det skal vera munnbind og desinfeksjon tilgjengeleg i rommet.
2. Foreldre må komma og henta sjuk elev, eventuelt må ein vaksen frå skulen køyre eleven heim.
3. Om tilsette blir sjuke i løpet av arbeidsdagen skal ein forlate skulen så snart som mogleg. Vikarordning vil ha ei bakvaksordning i denne perioden til bruk i slike tilfelle.

Me bruker skjønn frå situasjon til situasjon. Det er forskjell på å nyse/hoste/kremte pga allergi, rensa stemmen e.l., og å faktisk ha symptom på forkjølelse.

Barn i risikogruppe:

Sjå rettleiar frå myndighetene.

Vaksne i risikogruppe

Sjå rettleiar frå myndighetene. Om du er usikker på om du er i risikograppa og treng tilrettelegging må du diskutera med din fastlege og rektor.

2. God hygiene

Sjå eigen plan for reinhald

Organisering:

- Kvar klasse er ein kohort
- Unngå trengsel og store samlingar
- Kvar kohort har sitt eige baserom på 1.-10 trinn. Vask hender før bruk av spesialrom.
- kohortar kan kun blandast på same trinn.
- Ikkje del utstyr.
- Bruk den same pulten i klasserommet.

For elevar

- Vask hender når dei kjem på skulen - ok med sprit på 8.-10. dersom dei ikkje har synleg skitne hender.
- Vask og hender etter toalettbesøk, etter kontakt med kroppsvesker eller dyr og før måltid.
- Vask hender etter friminutt dersom dei er synleg skitne.
- ta med pennal om dei har
- Nys i papir eller albuen
- Ha papir tilgjengelig på pulten til å kunne nyse/hoste i
- Elevar vasker pulten sjølv før dei et. Vask med sprit og tørkepapir. Ev. kan vaksne vaska over med klut og såpe
- Hald 1m avstand til elevar frå andre trinn
- Me deler ikkje utstyr med andre, som bøker, penner, micro, solkrem, skifteklede etc.

For vaksne:

- Leiker som er i bruk må vaskes ei gong pr. veke
- Tøyleker, klassebamser m.m. skal ryddast vekk.
- Elevane skal ha fast plass i klasserommet
- Elevane skal ha eigne skrivesaker på skulen, anten eige pennal eller korg på plassen sin. Dette inkluderer fargeblyanter.
- Kvar elev skal ha ein digital eining. Denne skal merkast med namn.
- Avgrens fysiske innleveringar, prøv på digitale alternativ der det er mogleg.

3. Redusert kontakt mellom personar

- Om utagering oppstår skal ein vaksen leia elev ut, for å unngå unødvendig kontakt med andre. La dei få pause utandørs, og unngå nærkontakt dersom mogleg.
- Dei tilsette som må gå mellom fleire trinn må vera ekstra nøye på regel om avstand og handvask/desinfeksjon.
- Unngå klemming og handhelsing
- For gjennomføring av språkfag, valgfag, og andre fag der elevene blandes, bør elevene grupperes i klasserommet ut fra kohorttilhørighet eller ha faste plasser i alle klasserom.

Timeplan

Som vanleg

Spesielle omsyn i nokre fag/områder

- **Kroppsøving:** Anbefalar utegym. Bruk garderobar som normalt innad i kohort.
- **Symjing:** heile kohorten kan vera i bassenget samtidig
- **Musikk:** Ikkje del blåseinstrument. Andre instrument må tørkast av dersom det er fleire elevar som deler på desse. Kor er ok innanfor sin eigen kohort.
- **Bibliotek:** Kan brukast, men berre ei klasse om gongen. Handvask før bruk!
- **Valfag og tilvalsfag** - samlest i vanlege grupper men sit samla med andre elevar frå si klasse.
- **Kor** - elevane må stå med 2m avstand mellom kohortar og 1m innad i kohort så langt det lar seg gjera.

Friminutt:

- Barnetrinn: Uteområdet er soneinndelt. Kvart trinn har si sone. Friminutt skal vera utandørs på vanleg tid for alle elevar.
- Ungdomstrinn: Eit trinn inne i vestibyle, dei andre er ute, eller i eigen gang. Ute kan dei blandast på tvers av kohortar, men halde god avstand til elevar frå andre trinn.

Sjå oversikt over soner og vaktlistar for friminutt

Oppmøte ved skulestart og etter friminutt:

For elevar:

- dersom du ikkje brukar skuleskyss så ber me om at du ikkje kjem på skulen før kl 8.
- bruker du skuleskyss, så held du deg i sonen ditt trinn har den dagen fram til skulen startar.
- Still opp på din plass etter friminutt og gå inn når du får beskjed om det.
- alle ytterklede skal oppbevarast på tildelt garderobeplass.

Teamet organiserer området der den enkelte kohort skal møte opp etter friminutt og ved skulestart. Bruk gjerne tape e.l. til å merke opp områder under taket ved klasseromsdøra. Øv på oppstilling og det å gå inn for å vaske hender i ordna former.

SFO:

- SFO må oppretthalda klasseinndeling undervegs i løpet av SFO-tida. Dvs. at elever må vera på gruppe med elevar frå same trinn. Elevane kan vera tilstade i same rom, men må ha faste områder innandørs der dei kan leika og ete. Leikene inne må delast mellom gruppene slik at dei ikkje deler på tvers, og vaskast kvar veke. Ute skal dei halda seg med elevar på sitt trinn.
- Ev. leksehjelp må og delast i kohortar på ulike rom.
- Økt bruk av utetid og uteskole, også på SFO.

Skuleskyss:

I rettleiinga for smittevern er det og gitt føringer for skuleskyssen.

- Heimen og skulen må saman rettleie elevane i smittevern på buss.
- Alle elevar på 1.-10. som til vanleg tek buss, kan gjer det når skulen opnar att.
- Elevane må halde 1m avstand til kvarandre når dei ventar på buss.
- Prøv å sit saman med søsken eller elevar frå same klasse. Dette er ikkje eit krav, men ei anbefaling.
- Sjølførar tørker av alle flater i bussen etter kvar tur.
- Grunna redusert kapasitet er det kun elevar med skyssrett som kan følge bussane på raudt og gult nivå.

PPT/Logoped/helsesøster:

Følger smittevernregler, men er tilbake i ordinær drift frå og med måndag.

Foreldremøte

1m avstand, handsprit ved ankomst. Skriv liste over deltakarar og ta vare på denne i 10 dagar i tilfellet smittesporing.

Oppfølging av elevar som må vera heime:

Grunna luftvegsinfeksjon:

- eleven kan følge undervisning i classroom og lekseplan i portal.

Grunna karantene:

- eleven får grovplan for timane, kan følge undervisning i classroom og lekseplan i portal. Avtale med den einskilde heimen om oppfølging.

Dersom eit heilt trinn er i karantene:

- heimeskule som ved stenging